



Øystein Kvalheim
Storhaugen 9
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2082 - 18/23297

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
25.07.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 123/156 Risa

Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 123/156 Storhaugen 9
Tiltakshavar: Øystein Kvalheim

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.07.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje gjort greie for planlagt bruk av tilbygg. Er det en utvendig bod eller tilbygg til stue/kjøkken?
2. Søknad og teikningar manglar opplysningar om avstand og mål. Kor skal tilbygg plasserast på eksisterande fasade (avstand til hjørner på huset)?
3. Søknaden manglar informasjon om «areal», BRA og BYA samt grad av utnytting etter tilbygg.
4. Mål til nabogrense må førast på situasjonslan.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.08.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øystein Kvalheim

Storhaugen 9

5955

LINDÅS